



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Tore Larsen

Sakshandsamar: Arne Kringlen dir tlf: 57816139

Vår ref. AK/09/787-29/K1-233

Dykkar ref:

Dato: 20.01.2012

NAUSTDAL.GJENGEDAL LANDSKAPSVERNOMRÅDE - SPØRSMÅL OM ENDRING I BRUK AV TILDELTE FORVALTNINGSMIDLAR

Syner til vår søknad om løyving for tilrettelegging nær landskapsvernområdet datert 4. desember 2009 og svar frå dykk 3. september 2010, der de har prioriterte følgjande prosjekt for løyving:

- Parkering – opprusting av p.plassar Vonavatnet og Steinbakken kr 80 000,-
- Veg – Opprusting av veg Steinbakken-Vonavatnet kr 205 000,-
- Skilt – ved Vonavatnet og Steinbakken kr15 000,-

Kommunen har utført opprusting av veg for kr 50 000,- og skilt er kome på plass for kr 15 000,-. Det står no att kr 235 000,- av dei løyvde midlane. Etter dialog med Fylkesmannen hausten 2011 vart gjennomføringsfristen for tiltaka utsett 1 år til 1. november 2012. Etter avtale med kommunen skal Øvre Naustdal Grunneigarlag ta over ansvaret for gjennomføring av det arbeidet som står att. Kommunen og utmarkslaget har drøfta erfaring med det som er gjort til no og vidare gjennomføring av prosjektet. Tiltakslista er revidert i samsvar med erfaringane og behova slik dei framstår no og ein ynskjer tilbakemelding frå fylkesmannen om endringane i tiltaka kan godkjennast.

Revidert tiltaksliste:

Utviding og opprusting av parkeringsplass ved Vonavatnet , og grusing av parkeringsplassen på Steinbakken kr 100 000,-

I samband med opprusting av parkeringsplassen ved Vonavatnet treng, brygga ved vatnet reparasjon og oppgradering slik at den vert trygg og funksjonell å bruke for turgåarar, hytteigarar og beitedrift i området. kr 25 000,-

I samband med ferdsel på vatnet er det ei naturleg rampe rett ved brygga som vert nytta til utsetjing av båtar vatnet. Her må det gjerast noko gravearbeid for at område skal bli meir funksjonelt. kr 20 000,-

Det er fleire innfallsportar til landskapsvernområdet i Instedalen som treng avklaring av parkeringstilhøva. Med litt gravearbeid og grusing kan

dei verte langt meir brukarvennlege og det skal lagast avtale med den enkelte grunneigar. Dette gjeld parkeringsplasser på Reinene, Svorstøl, Øyjord og Teigen.

kr 50 000,-

Vasstanden i nesvatnet har dei siste åra sunke ein del på grunn av at det har skjedd fysiske forandringar i utløpet. Dette har fått konsekvensar for kulturlandskapet og fiske i Nes- og Svovantnet. Grunneigarane har fått løyve av kommunen og NVE til å ordne utløpet slik at vasstanden kjem attende til det normale igjen. Av ein totalkostnad på 70 000,- ynskjer Utmarkslag å nytte kr 30 000,- av forvaltningsmidlane til dette.

Kr 30 000,-

Det vert arbeidd med tilrettelegging av ein fiskeplass ved brua Nes-Svoa, særskilt tilrettelagt for folk med ulike funksjonshemmingar. Utmarkslaget ynskjer å nytte kr 10 000,- av forvaltningsmidlane for å bidra til realisering av tiltaket.

Kr 10 000,-

SUM

Kr 235 000,-

Det er kommunen si oppfatning at den reviderte tiltakslista er delvis ei detaljering av dei opphavlege tiltaka i tildelinga frå fylkesmannen, samt noko utviding av tiltak for parkering og ferdsel langs Nes og Svovatnet.

Kommunen meiner dette er relevante og gode tiltak knytt til randsona for landskapsvernet som utvilsomt vil komme allmenta til gode. Det er ynskjeleg med ei snarleg tilbakemelding, slik at planlegginga av tiltaka for sommaren 2012 kan komme i gang.

Med helsing

Arne Kringlen
Planleggar/ samfunnsutviklar

Dok.dato **Tittel**
20.01.2012 Randsonetiltak landskapsvern.pdf

Dok.ID
29647

Kopi til:
Øvre Naustdal Utmarkslag